



# KoKom

kan bidra med

Kjelde: "Avtale... om opprettelse av et nasjonalt kompetansesenter for helsetjenestens kommunikasjonsberedskap" (1996).

I mandatet inngår å drive rådgjeving ovanfor sentrale helsemyndigheter og innan helsetenesta om utvikling og vedlikehald av den nasjonale kommunikasjonsberedskapen i helsetenesta.


Koordinering mot dei andre nødetatane, utvikling av opplæringsprogram og systembeskrivingar er også oppgåver som er forankra i KoKom.

- \* Råd og hjelp om medisinsk nødmeldetene
- \* Aktiv deltaking i utvikling av systemkrav og einheitelege prosedyrar
- \* Hjelp til å hente inn informasjon, eller formidle vidare kontakt til rette vedkommande
- \* Bistand til erfaringsutveksling mellom aktørane i tenesta

Bestill gjerne vår handbok:

*Kommunikasjon og samhandling i akuttmedisinske situasjoner*

Pris: 99,-



## Kontakt

KoKom, Nasjonalt kompetansesenter for helsetjenestens kommunikasjonsberedskap  
Møllendalsbakken 9, N- 5009 Bergen, Norway  
Tlf: +47 55 97 72 60 Faks: +47 55 97 72 61

[www.kokom.no](http://www.kokom.no)  
[firmapost@kokom.no](mailto:firmapost@kokom.no)



**KoKom**  
Nasjonalt kompetansesenter for helsetjenestens kommunikasjonsberedskap

# Prosjekt 2011

## Kompetanseplan for LV- og AMK-operatører

Eit hovedmål i dette prosjektet er å sikre at den einsskilde operatør i medisinsk nødmeldeteneste har kunnskap, haldningar, ferdigheiter, og er eigna for optimal utføring av arbeidsoppgåvene. For å bidra til å utvikle trygge og kompetente operatører, skal det utarbeidast ein kompetanseplan, tufta på omfattande karlegging av medtodar for vedlikehald av kunnskapar og vidareutvikling av den einsskilde operatør.

Det overordna formålet er å sikre at alle innringerar opplever å bli likt behandla, uansett alder, kjønn, bustad, økonomi og etnisk bakgrunn – uavhengig av medisinsk tilstand og diagnose. Sluttresultatet av prosjektet er ei revidert utgåve av dokumentet *Faglig anbefaling for opplæring og oppfølging av AMK- og LV-operatører* (KoKom 2002), som kan nyttast som vegleiar under opplæring og oppfølging ved landets AMK- og LV-sentralar.

Arbeidet skal gjennomførast i samarbeid med dei regionale helseføretaka og Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin (Nklm).


## Funksjonelle krav til oppdragshandteringssystem

I prosjektet ønskjer vi å systematisere kva funksjonelle krav til oppdragshandteringssystem tenesta har. Det er eit mål å etablere ein referanseplattform for produkt som vert utvikla/tilbydde til bruk som oppdragshandteringssystem i nødmeldetenesta. Dagens løysingar har forbettringspotensial på fleire område. Ved å etablere ein brukarkravspesifikasjon, blir det enklare for leverandørar å utvikle produkt i tråd med behova i tenesta. Ein fastesett funksjonell spesifikasjon gjer det mogleg for andre leverandørar å utvikle/tilpasse egne applikasjonar til bruk i medisinsk nødmeldeteneste. At desse har eit felles sett av krav. til t.d. datafangst og grensesnitt mot andre system, er vesentleg.

## Delta kontrakt leveranse

KoKom  
Nasjonalt kompetansesenter  
for  
helsetjenstens  
kommunikasjonsberedskap

Hovudoppgåve:  
Monitorering og vidareutvikling  
av  
medisinsk nødmeldeteneste  
i Norge



## Info om KoKom

Nasjonalt kompetansesenter for helsetjenestens kommunikasjonsberedskap vart etablert i 1997 av det dåverande Sosial- og helsedepartementet.

Hovudoppgåve / formål  
Monitorering og vidareutvikling av medisinsk nødmeldeteneste i Norge. Bidra til at medisinsk nødmeldeteneste fungerer optimalt som ein del av helsetenesta.

Sentrale oppgåver  
Vere pådrivar for helsefagleg, administrativ og teknisk utvikling av medisinsk nødmeldeteneste og kommunikasjonsberedskapen i helsetenesta.

Verke som katalysator for prosjekt som gjeld utvikling av medisinsk nødmeldeteneste gjennom eigen innsats, eller gjennom å framskaffe kompetanse frå anna hald.

Sørge for utvikling og vedlikehald av nasjonale krav til medisinsk nødmeldeteneste i samråd med statlege myndigheiter.

